

Hordaland Fylkeskommune
v/ Fylkesrådmann Rune Haugsdal
5020 Bergen

Sløvåg, 5.11.2017

BRU OVER MASFJORDEN.

Næringslivet i Gulen og Masfjorden har med stor uro registrert at realiseringa av Masfjordbrua kan vere i fare og ikkje få tilslutning til søknad om statlege ferjeavløysingsmidlar innan fristen 31.12.2017. Bakgrunnen for vår uro er at vi registrerer misvisande formuleringar om behovet for bru i fleire av fråsegnene til Fylkeskommunen, seinast 30.10.17 - fråsegn til reguleringsplanen for brua. Her vert det påstått at brua kun har nytte for intern kommunikasjon i Masfjorden m.a. Det vil vi bestride på det sterkaste! Intern kommunikasjon er i seg sjølv er eit godt argument for å realisere brua no når ein har ei tilnærma fullfinansiering etter det vi forstår. Bu og arbeidsmarknaden i Gulen og Masfjorden er slik at mange bur i Masfjorden og Lindås og har arbeidsstaden sin i Gulen. Ei bru vil lette kommunikasjonane for mange av våre ansatte og forenkle arbeidsdagen vår.

Masfjordbrua vil bli svært viktig for den daglege næringsaktiviteten vår, ut- og innkjøring av varer og tjenester, møteverksemd både for tilreisande og våre ansatte som skal ta fly til og frå Flesland. Mange av verksemdene i Gulen har ein offshore marknad der 24 hrs/7days er ei forutsetning. Sløvåg og Skipavika er destinasjoner for ca. 3000 båtanløp årleg, nær halvparten i Mongstadbassenget og det seier seg sjølv at det skal mykje logistikk til rundt dette både av personell og varer.

Ferja over Fensfjorden er eit tema vi har tatt opp ei rekkje ganger tidlegare med Fylkeskommunen og vi er glad for at det no kjem ei ny ferje i sambandet og håper den tåler værtilhøva betre enn dagens ferje. Hverken ferja Leirvåg – Sløvåg eller kabelferja Duesund – Masfjordnes har eit nattilbud på yrkesdagar noko som medfører ekstra lange kjøreturar om Romarheimsdalen.

Næringslivet i Gulen og Masfjorden har dei siste åra gjort store mrd. investeringar i industriområder, fabrikkar, havneterminalar, administrasjonsbygg, oppdrettsanlegg og slakte-/fryseanlegg, handelssenter og serviceverksemdar samt reiselivsdestinasjonar. Sløvåg er utbygd med ca. 2 km kailinjer og eit industriareal på ca. 800 dekar. Skipavika har nyleg bygd ut ca. 1,5 km kailinjer og eit industriareal på 400 dekar og regulerer no tilsvarande areal i tillegg. Sløvåg og Skipavika utgjer ein viktig del av stein eksporten frå Norge. Byrknes har fiskemottak og pakkeri for eksport, i snitt dagleg ca. 10-15 vogntog. Gulen og Masfjorden har ei rekkje oppdrettskonsesjonar, og satsar no på nye sektorar innan marine næringar både til lands og til vanns.

BKK byggjer no 300 (420) kV høgspenlinje Modalen – Matre – Mongstad, og har nett ferdigstilt trafostasjon på Sandøy for å forsyne industriområda i søre deler av Gulen.

Hosteland utvidar no servicesenteret der med forretningar og offentlege helsetilbud og det satsast på sørsida av Masfjorden langs FV-570 som vil bli brukt når brua er på plass.

Vi forstår at argumentet om dårleg veg mellom Masfjordnes og Andåskryset vert nevnt i debatten, men vi forstår ikkje logikken i at dette skal vere eit argument for å avstå tilbudet om bru over Masfjorden.

Alle vogntoga som kjører til og frå området vårt, kjører på like dårlege vegar likevel. Vegstandarden til Byrknes er dårlegare enn på FV-570, omkjøring om E-39 er ikkje bedre heller.

Hverken tilførselsvegane FV-57 eller FV-379 i Gulen er i betre stand.

Oppgraderinga på FV-570 vil etter det vi forstår bli igangsatt gjennom Nordhordlandspakken og det vil hjelpe med punktvisse utbetringar på denne strekninga.

Med brua på plass vil det og bli lettare å få til eit funksjonelt kollektivtilbud frå Knarvik til Gulen via Masfjorden, både for pendlarar, skuleelevar og andre.

Vi som næringsaktørar har stor tru på utvikling ved å etablere oss i Gulen og Masfjorden, og oppmodar sterkt om at Hordaland Fylkeskommune vektlegg våre argument både i det administrative og politiske arbeidet med å få på plass Masfjordbrua som eit regionalt viktig samferdselstiltak i det nye Vestlandsfylket.

Med venleg helsing

Ragnhild Understen

Gulen og Masfjorden Utvikling as

Daniel Kværnøy

Gulen og Masfjorden næringsråd

Reknes Byggevarer LL

Anders Melløy

Norva 24 as

Kenneth Birkeland / Sølvy Birkeland

Alexela Sløvåg

LARS NARBERG

DC Halsvik Aggregate as

Frank Høy

Birkeland Entreprenør as

Håvard Birkeland

BKK Nett as

Leif-Einar Nord

Firda Seafood as

OLE BRAANAAS

Skipavika Næringspark as

LARS HELVANDSØ

Nordbygda Senter as

Megren Aln

Kopi:

Masfjorden kommune

Gulen kommune

Sogn og Fjordane Fylkeskommune